



Lindås og Meland Sau og Geit  
c/o Ole Johan Eidsnes Eidsnesvegen 153  
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/3 - 19/22462

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
31.10.2019

## **Oversending av vedtak. kommunalt tilskot til landbruksføremål 2019 budsjettpost 14700603 3290**

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

Andre mottakarar:

Lindås og Meland Sau og Geit, Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Laila Bjørge	FE-223	19/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
93/2019	Utval for drift og utvikling	PS	15.10.2019

## Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2019 budsjettpost 14700603 3290

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for drift og utvikling oppretta i 2002 ein budsjettpost som gjaldt ordning med tilskot til landbruksføremål. Den har mellom anna vore nytta til tilskot til ulike landbrukstiltak som grøfting, driftsbygningar m.m og til gode fellesprosjekt for landbruket til dømes prosjekt Glade bønder. For 2016 og 2017 prioriterte ein grøfting og det vart gitt tilskot til nye grøfter. I 2018 vart det gitt tilskot til Bondens dag i Knarvik, Norsk landbruksrådgiving og Prosjekt Klimatiltak for landbruket i Meland.

På budsjettposten står det kr. 45 000 til fordeling i 2019.

Det er komen inn 2 søknader om tilskot.

- Norsk landbruksrådgiving (NLR), Hordaland har søkt om tilskot til drifta for 2019
- Lindås og Meland sau og geit har søkt om støtte til å arrangera Bondens dag i Knarvik

*Frå søknaden til Norsk landbruksrådgiving (NLR),*

*Norsk landbruksrådgiving (NLR), Hordaland har søkt om tilskot til drifta for 2018. Midlane frå kommunane går til informasjons-og utviklingsarbeid som er vanskeleg å finansiera med andre midlar. NLR er ein medlemsorganisasjon, men både bønder og kommunar kan kjøpa rådgivingstenester, og dei heldt kurs og mark dagar som er opne for alle. Dei ber om tilskot som tidlegare år. I 2018 vart det*

*Løyvd kr. 10 000.*

*Frå søknaden til Lindås og Meland sau og geit*

*Me i Lindås og Meland sau og geit skal også i år arrangere kåringsjå. I år vil me arrangera det i Knarvik Senter laurdag den 28 september og utvida det til Bondens dag i samarbeid med bondelaga og Knarvik Senter. Her vil me i tillegg til sau (av ulike raser) ha storfe, ponnier og andre smådyr. Det vert også vist karding/spinning av ull. Lokale produsentar kan fritt få stå i senteret og selja /presenter produkta sine. Her vert også aktiviteter for barn som traktorsertifikat (på trøtraktor)*

*og utstilling av veterantraktor. Laget vårt har ein god del utgifter og legg ned stor innstats for å stelle til denne dagen. Så me i LM vil med dette søkje om tilskot frå kommunane Lindås og Meland for å dekke nokre av desse utgiftene våre. (Vi har tidlegare år fått 5000,- frå Lindås kommune)*

### **Vurdering**

Føremålet med tilskotsmidlane har vore at dei skal vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottak produksjonstilskot eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen: Tekniske miljøtiltak, driftsbygningar, nydyrking, grøfting, skogsbilveggar og tiltak for å betra driftstilhøve. Nyskaping, kulturlandskapstiltak og fellesprosjekt for landbruket er andre. Midlane har eit breitt føremål som innebær at det vert små summar til mange dersom ein ikkje legg føringar for kva som bør prioriterast.

Dei siste åra har desse midlane vore brukt for å få opp aktiviteten på grøfting. Statstilskotet tilgrøfting er no vorte dobla og ein kan få inntil 30 kr i pr løpemeter grøft i tilskot. Me har ikkje klart å bruka opp den statlege tilskotsramma til Meland for 2019. Rådmannen foreslår difor at ein ikkje prioriterar midlar til grøfting dette året.

### *Norsk landbruksrådgiving (NLR)*

Når det gjeld søknaden frå NLR Hordaland, vil rådmannen peike på at det er ei fagleg verksemd som er viktig for utvikling ny landbruksfagleg kunnskap i fylke. Rådgjevarane er framleis desentralisert, og kan tilby spisskompetanse innan ei rekke område. Fokusområde er mellom anna gras og grovfor, klimasmart landbruk, presisjonslandbruk, andelslandbruk, dyrking av bær, potet og grønsaker, bedriftsutvikling og etablering m.m. Dei er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste, som er utruleg viktig for landbruksmiljøet i fylket. I tillegg held dei ei rekke kurs og fagmøte rundt i heile fylket. Meland kommune har god erfaring med å samarbeid med NLR om om ulike kurs og fagdagar. I 2019 har me mellom anna samarbeid om prosjekt Praktiske klimatiltak i landbruket i Meland der ein har samla inn erfaring frå lokale bønder om kva tiltak som verkar, og prøvdt formidla dei ved hjelp av filmsnuttar og sosiale media til resten av næringa i kommunen og fylket.

*Rådmannen rår til å NLR –vest får eit tilskot på kr. 10 000 for 2019*

### *Lindås og Meland sau og geit*

Lindås og Meland sau og geit er ein viktig organisasjon for sauenaeringa og har ein stor medlemsmasse i dei to kommunane. Dei laga til Kåringsjå/ Bondens dag i Knarvik senter 28. sept,

noko som var eit svært vellukka arrangement. Både kåringssjået med om lag 150 værlam og dei andre dyra som vart vist fram hadde mange besøkande born og vaksne. Lokale matprodusentar, husflidslaget, ullprodusentar m.fl hadde inntatt torget i senteret og det var eit yrande liv heile dagen. Traktorsertifikat for born og servering av fårrikål var utan tvil ein suksess. Lindås og Meland sau og geit med samarbeidspartar gjorde ein flott jobb med å synleggjera lokalt landbruk og skapa positiv merksemd om næring.

Rådmannen rår til at dei får kr. 5 000 i støtte til arrangementet.

Rådmannen ber om fullmakt til å løyva dei resterande midlane i tråd med retningslinene for denne budsjettposten.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det blir løyvd til saman kr. 15 000 i tilskotsmidlar slik det er gjort greie for. Det var planlagt ein revisjon av retningslinene for budsjettposten, men dette er utsett i påvente av kommunesamanslåing, og bør vera ein del av ein felles budsjettprosess for Alver. Det er då verd å merka seg at skogbrukstiltak må innarbeidast i retningslinjene sidan desse tilskotspostane vart samanslått for nokre år sidan.

Rådmannen ber om fullmakt til å løyva resterande midlar, kr 30. 000, på budsjettpost

14700 603 3290, i tråd med noverande retningsliner og føremål.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2019 og kr. 5 000 til Lindås og Meland sau og geit til arrangementet Landbruksdagen i Knarvik. Kr. 30 000 vert løyvd til prosjekt praktiske klimatiltak i landbruket i Meland til produksjon av film om grøfting.

Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Rådmannen får fullmakt å avgjera øvrige søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2019 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290.

### **Utval for drift og utvikling - 93/2019**

#### **UDU - behandling:**

Henriette Fennelly, FrP hadde merknad om at slike saker skal søkes innen fristen på likt nivå med andre søkere til tilskudd, ikke komme utenom køen.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**UDU - vedtak:**

Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2019 og kr. 5 000 til Lindås og Meland sau og geit til arrangementet Landbruksdagen i Knarvik. Kr. 30 000 vert løyvd til prosjekt praktiske klimatiltak i landbruket i Meland til produksjon av film om grøfting.

Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Rådmannen får fullmakt å avgjera øvrige søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2019 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290.